



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748
Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Agder fylkeskommune
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Saksbehandler Jørn Trygve Haug

Vår ref. 2021/9036-0
PRIMÆRKLASSERING

Deres ref.

Dato 27.10.2021

Melding om vedtak. Søknad frå Agder Fylkeskommune om å utsette vinterstenging av veg Brokke - Suleskard

Syner til søknad datert 19.10.2021 om utviding av opningstida for veg Brokke – Suleskard fram til 1.11.2021 kl. 12.00. Arbeidsutvalet i verneområdestyret handsama saka i møte 27.10.2021. Følgjande vedtak vart fatta, innstilling og saksframstilling ligg ved.

Vedtak

«Med heimel i forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde kap. 4 pkt. 5.4 bokstav d, gir arbeidsutvalet Agder Fylkeskommune løyve til utvida opningstid på vegen Brokke – Suleskard fram til 1.11 kl. 12.00. Løyvet gjeld for 2021.

Arbeidsutvalet legg vekt på at utvidinga gjeld eit kort tidsrom og at det synast å vera eit normalår i høve til kor villreinen står. Utviding av opningstida med 12 timar vil såleis ikkje føre til ei ytterlegare forseinking av villreintrekket over vegen i høve til det som har vore vanleg dei seinare åra. Vidare legg arbeidsutvalet vekt på at vegeigar har trong for å nå ut til brukarane før dei sett i verk tidlegare tidspunkt for stenging enn det som har vore praktisert dei seinare åra.

Arbeidsutvalet legg til grunn at Agder Fylkeskommune frå 2022 held seg til dei faste opningstidene heimla i verneforskrifta.»

Om klage

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet. Klaga skal sendast til verneområdestyret for vidare handsaming. Klagefristen er 3 veker frå mottak av vedtaket. Alle partar med klagerett har rett til innsyn i saksdokumenta. Skrifteleg klage skal sendast til Verneområdestyret for SVR Pb. 504 Stoa, 4804 ARENDAL. Oppgi kva for eit vedtak det vert klaga på, dei endringane klagar ynskjer og grunngeving for klaga. Dersom det vert klaga så seint at det kan vere tvil om det er klaga i rett tid, må det opplysast når brevet kom fram.

Med helsing

Jørn Trygve Haug
verneområdeforvaltar SVR

Etter våre rutiner er dette brevet godkjent og sendt uten underskrift



Vedlegg:

1 Innstilling og saksframlegg

Kopi til:

Valle kommune

Statsforvalteren i Agder

Sirdal kommune

Postboks 4 4746 VALLE

Postboks 504 4804 ARENDAL

Tonstad 4440 TONSTAD